

Krinsstyremøte 12.6.2008

Skei

Til stades:

Helge Sæterdal, Kai Lille-Homb, Åsbjørn Hegrenes, Gunn M Angelskår, elles forfall.

Arkiv for kretsen: litt historisk finnest hjå Asbjørn Feten, noko på nett (kretsen sine heimesider), Helge har noko. Gunn spør Haldor om han har noko i tillegg.

Oppgåva vert å sikra at dette finnest i organisasjonens minne for framtida.

Når det vert kunngjort kva vi set på, kan det vera at meir finn vegen for innlemming i arkivet til krinsen.

Kai refererte frå **Bridgetinget:**

Det er innskjerpa korleis alkoholforbodet skal praktiserast, dette må vi få vidare til klubbane.

Turneringsansvarlege må få skikkeleg orientering om korleis dei skal handheva dette.

Handlingsplan vart vedteken m tillegg.

Økonomiplan

Det blir 1 stilling til rekruttering, honorar til styremedlemmer, 500 kr for lisensavgift, kontingent aukar 50 kr meir enn forslag til økonomiplan. Elles mykje i samsvar med innstilling.

Aasen vart vald til ny president med 37 stemmer medan motkandidaten fekk 17, 2 blanke.

Terminliste

vart sett opp i høve til forbundet sine turneringar og det som er kome inn til oss av sekretær som sender vidare til turneringsansvarleg. Vi bed klubbane søkje om krets- /forbundspoeng snarast om dei ynskjer å arrangera turneringar. Undervegslista vert sendt til Jonill for utlegging på krinsen sine heimesider, så klubbane kan sjå kva som manglar.

Åsbjørn sender ut styret sitt forslag til arrangementsform Km lag til høyring. (vedlegg)

Medlemstal

For å halda medlemstalet oppe, og helst auka det, må vi både tenkja aktivt på rekruttering og ta vare på dei medlemmene vi har.

Formannen bed om innspel på dette.



NBF Sogn og Fjordane

Styret i krinsen sender følgende sak ut til høyring i klubbane:

- Arrangementform : KM Lag.

Styret ynskjer å auke deltakinga på KM-lag. Saka har vore drøfta, bl.a. på krinstinget. Jfr.ref. Vi ynskjer å arrangere turneringa i to rundar: kvalifisering og finale.

Kvalifiseringa skal spelast i 3 soner. Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. Denne skal spelast på ein dag. 7-8 spels kampar, evt. Monrad. Siste helg i oktober.

10 lag går til finalen. Pulja med flest lag får 4 lag til finalen. Ved likt antal vert det kvalitetsberekning(komite).

Finalen vert spelt over to dagar, i Førde, 6-7. desember.

Tilbakemeldingar mottas med takk.

Terminlista er under utarbeiding. Vert utsendt so snart den er klar.

Mvh

Åsbjørn Hegrenes